



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-080, TI-&16	20/216

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/20	Kommunestyret	PS	30.04.2020

Søknad om fritak frå kontrollutvalet for medlem Beate Hop Ophaug

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Beate Hop Ophaug sendte den 09.03.2020 skriftlig melding til ordførar Stian Herøy der ho informerer om at ho er tilsett i eit vikariat som økonomiarbeidar i Fedje kommune. Ho er tilsett frå 04.03.20 til 05.03.21. På grunn av dette kan ho ikkje vera medlem i kontrollutvalet.

Vurdering

Det kom ikkje klart fram av meldinga Beate Hop Ophaug sendt til ordførar om ho søkte fritak frå vervet i kontrollutvalet for den perioden ho er tilsett i Fedje kommune eller om ho søkte fritak frå resten av denne valperioden.

Etter samtale med Beate Hop Ophaug 23.04.20 kjem det fram at ho av omsyn til stabiliteten i kontrollutvalet sitt arbeid søker fritak for resten av denne valperioden.

Beate Hop Ophaug kan ikkje vera medlem av kontrollutvalet når ho er tilsett i Fedje kommune, etter kommunelova §77.2.

«Kommunelovens §77.2 setter klare grenser for hvem som kan sitte i kontrollutvalget. Kommunalt ansatte kan ikke velges, på linje med ordfører, varaordfører, kommunalråd, medlem og varamedlem til formannskapet og medlem eller varamedlem i nemnd med beslutningsmyndighet.»

Kommunestyre må på bakgrunn av dette vurdere fyljande:

1. Kommunestyret kan gje Beate Hop Ophaug fritak frå vervet i kontrollutvalet i den perioden
ho er tilsett i Fedje kommune.
2. Kommunestyret kan gje Beate Hop Ophaug fritak frå vervet i kontrollutvalet ut denne valperioden.

Me er ikkje kjent med at det er andre orsaker til at Beate Hop Ophaug søker fritak frå kontrollutvalet enn at ho no er tilsett i ei stilling i Fedje kommune. Stillinga kan verta gjort om til ei fast stilling frå 05.03.2021.

Kommunestyret må velja nytt medlem og truleg supplera varamannslista, alt ut frå om ein vel å gje fritak for perioden Beate Hop Ophaug er tilsett i Fedje kommune eller om ein gjer fritak for resten av



Fedje kommune

valperioden, dette kjem fram av kommunelovas § 7–9 og § 7-10.

«§ 7-9. Uttreden og fritak

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over. (.....)

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.»

« § 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.

Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.

Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.

Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønnnet.

Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre



Fedje kommune

organer.»

Konklusjon

Beate Hop Ophaug kan ikkje etter kommunelova § 77.2 vera medlem i kontrollutvalet medan ho er tilsett i Fedje kommune. Me rår til at ho får fritak frå 30.04.2020 til 05.03.2021. Når ein ikkje rår til at ho får fritak for heile valperioden er det på grunn av at me ikkje har grunngjeving for eit slik vedtak i dag. Om kommunestyret vel å fylja tilrådinga må det veljast medlem frå varamannslista til fast medlem for perioden Beate Hop Ophaug får fritak for, og varamannslista må supplerast.

Forslag til vedtak:

Beate Hop Ophaug får fritak frå kontrollutvalet frå 30.04.2020 til og med 05.03.2021. Grunngjeving for vedtaket er kommunelova § 77.2.

Det vert valt nytt medlem og nytt varamedlem til kontrollutvalet frå 30.04.2020 til og med 05.03.2021.

Kommunestyret - 024/20

K - behandling:

Nytt medlem til kontrollutvalet, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet

Beate Hop Ophaug var vald til kontrollutvalet frå Frp sine representantar. Kjem difor med nytt forslag:

Beate Hop Ophaug får permisjon ut perioden i kontrollutvalet. Vara Brit Gunn Tangen går inn som fast medlem, vara for ho blir Ørjan Borge

K - vedtak:

Beate Hop Ophaug får permisjon ut perioden i kontrollutvalet. Vara Brit Gunn Tangen går inn som fast medlem, vara for ho blir Ørjan Borge.

Samrøystes vedteke.